



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Erling Hodneland - 55516355

Vår referanse:
2015/001577-012

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.06.2015

Overskot frå bompengeinkrevjingga frå Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua - forslag til disponering av midlane.

I Hordaland er mange vegprosjekt finansiert med bompengar. I bompengeavtalane er det teke inn eit punkt om at overskytande midlar etter fjerning av bomstasjonen og istandsetting av vegen ved utløp av bompengeperioden, skal nyttast til veganlegg i området der midlane er kravd inn. Dette skal skje etter forslag frå Statens vegvesen og vedtak av fylkespolitiske styresmakter.

Nedanfor er det forslag til bruk av overskytande midlar frå bompengeinkrevjingga for Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua.

Trekantsambandet (E39 og rv 542/fv542)

Utbygginga av Trekantsambandet er i hovudsak finansiert med bompengar. Det er inngått ein avtale mellom Statens vegvesen og bompengeselskapet – Sunnhordland Bru- og Tunnel AS – om innkrevjing av bompengar. Bompengane skal dekke alle kostnader med utbygginga og alle kostnader med fjerning av innkrevjingsutstyr og istandsetting av vegen ved utløp av bompengeperioden.

Bompengeinkrevjingga til Trekantsambandet vart avslutta 30. april 2013. Då hadde bompengeselskapet teke høgde for å ha tilstrekkelege midlar til istandsetting av vegen i kryssområdet på Føyne. Statens vegvesen hadde kalkulert at dette ville koste ca. 40 mill.kr.

Arbeidet med istandsetting av vegen er gjennomført. Det viser seg at arbeidet kostar ca. 25 mill.kr. Frå bompengeselskapet får vi opplyst om at det står att ca. 35 mill.kr etter at arbeidet på Føyne er gjennomført. Dette gjer at det er ca. 35 mill.kr i overskytande midlar frå innkrevjingga for Trekantsambandet.

På bakgrunn av dette vil Statens vegvesen foreslå at midlane vert nytta slik:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firma.post-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø¹
Telefon:
Telefaks:

E39 (Sveio)

Manglende gatelys fra Dalshovda Hp 3, km 7,3 til 9,3	2,3 mill.kr
Rekkverk og sikringstiltak Dalshovda	0,9 mill kr
Tilrettelegging i undergang Dalshovda/Haugland	0,1 mill kr
Siktutbering i øre Liareidkryss	0,5 mill kr
Senking av kjørebane i undergang Solheimslia (E39 Førde)	1,5 mill kr
Manglende gatelys fra X Haukås- Haukås bensinst. Hp2, km 05-1,5	1,3 mill.kr
Manglende gatelys Hukås besinstasjon – Hanaleite Hp, km 1,5 – 5,8	4,7 mill kr
Siktrydding/passeringslomme E39 x Fv 6 (Rød)	1,0 mill.kr
Sum Sveio	11,6 mill kr

E39 (Stord)

Bygging av passersingslomme i E39 X Litlabø	4,6 mill.kr
Bygging av rundkjøring Tveitakrysset	6,0 mill kr
G/S- Veg E39 (arm mot Skjærholmane) Hatland Bru- Heiane	1.0 mill kr
Sum Stord	11,6 mill kr

Fv542 (Bømlo)

Ombygging av kryss Fv 542 til Moster (Gassasundet)	2,8 mill.kr
Del finansiering av Fv 23 Svortland Sør	7,0 mill kr
Del finansiering av Røyksund Nor	1,6 mill kr
Sum	11,4 mill.kr
Div.	0,6 mill.kr
SUM	35,0 mill.kr

Kostnadane med det einskilde tiltaket over er byggherreoverslag og ved gjennomføringa kan det vere at kostnadane kan avvike frå dette. Men utgangspunktet er at vi samla sett vil halde oss innanfor den kostnadsramma som er til disposisjon. Når det gjeld tiltaka på Bømlo er dette tiltak i Bømlopakken. Desse midlane kjem i tillegg til det som er løyvd over fylkeskommunen sitt budsjett.

Nordhordlandsbrua

Nordhordlandsbrua er og i hovudsak finansiert med bompengar. Innkrevjinga av bompengar vart avslutta 31. desember 2005. Vegen - E39 - og bomstasjonen ved Nordhordlandsbrua er for lengst fjerna og vegen er sett i stand. Det er ein liten overskytande sum på ca. kr 280 000 som står att som ikkje er disponert ennå.

Dei same reglane for disponering av overskytande bompengemidlar gjeld for Nordhordlandsbrua som for Trekantsambandet. For Nordhordlandsbrua var det Hordaland fylkeskommune som var bompengeselskap.


Statens vegvesen vil foreslå at midlane vert nytta på strekninga

E39 Tuft – Flatøy – midtrekkverk

Dette anlegget er starte opp og det er knapt med midlar til anlegget. Truleg får vi eit lite meirforbruk her. Overskytande midlar frå Nordhordlandsbrua foreslår vi difor å gå inn som ein del av finansieringa av dette prosjektet.

Alle midlane skal innbetalast frå bompengeselskapa til Statens vegvesen og rekneskapsført på dei prosjekta fylkeskommunen vedtek.

Vegavd. Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør


Erling Hodneland